

17/3-2012

YNDLINGSREDSKAP



FOTO: HLB

Tung symbolikk

Dag Jørund Lønning

Alder: 45

Stilling: Rektor ved Høgskulen for Landbruk og Bygdenæringer (HLB) i Rogaland.

Yndlingsredskap: Spaden

- Yndlingsreiskapen min er heilt klart spaden, det er det ingen tvil om.
- Korleis har det seg at ein tung akademikar som deg ikkje klarar seg utan spade?
- Ein spade er ikkje berre ein spade. Den er eit symbol. Det er mykje tung symbolikk i å stikke spaden i jorda og å vende den.
- Kva meiner du med det?
- Eg brukar ofte spaden som snur jorda som symbol på utvikling når eg underviser studentane mine her ved HLB. Dei skal ikkje berre sjå spaden, men også kva den faktisk kan brukast til. Hugs at spaden som vender torva kanskje har vore mennesket sitt viktigaste reiskap for utvikling opp gjennom historia.
- Men brukar du spaden sjølv også, ikkje berre som symbol?
- Eg må alltid ha moglegheit til å spa i jorda. No bor vi ute på heiene på Jæren med stor tomt, høner som tuslar rundt, og hage der vi dyrker poteter og grønnsaker. Eg er gift med ein gartner, så eg verken vil eller kan kome meg unna.
- Så du er blitt skikkeleg oppdreggen?
- Jo, men eg har alltid likt å spa, heilt sidan eg var i tenåra. Eg hadde ikkje hatt det særleg bra dersom eg ikkje kunne stikke spaden i jorda med jamne mellomrom.
- Du kunne ikkje budd i ein treroms i en bygård?
- Nei, det er ikkje meg i det heile tatt. Gjennom åra har vi drive tre småbruk. Eg har vendt mykje torv og jord opp gjennom tida, og har alltid hatt stort behov for gode spadar.
- Har du mange?
- Det har i alle fall blitt mange gjennom åra, etter kvart som dei har knekt.
- Hender det ofte at du knekk spadar? Tek ut litt frustrasjon på dei?
- Nei, ikkje slik. Men det hender dei blir gløymd i åker eller bed, og blir ståande i regnet. Det regnar som kjent mykje her på Vestlandet, og når dei blir gjennomtrekt av vatn, hender det at skafta ryk tvert av. Difor er eg stadig på jakt etter gode spadar. Når vi er ute på bruktmarkader og ser skikkelege, kraftige, gjerne merknader velbrukte spadar, plukkar vi dei alltid med heim.

LISBET HARSTAD

lisbet.harstad@nationen.no